

STYREPROTOKOLL

Onsdag **6. april 2016** holdt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 12.00 – 13.10
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Arne Gjerde (styreleiar) og Torleif Lothe (nestleiar) og Norunn Byrknes (styremedlem)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Invitert varamedlem Siv Bente Stople Østbø (også styrekandidat)
INNKALLING:	Godkjent (utsending pr. e-post 31.03.16)
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 6/16 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 09.02.16

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 09.02.16 blir godkjent.

Styrehandsaming 06.04.16:
Styret hadde ingen merknader, med unntak av ein bøyingsfeil under sak 5/1, som vil bli retta.

Samrøystes vedtak 06.04.16:

Protokoll frå styremøte 09.02.16 blir godkjent.

SAK 7/16 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 06.04.16

8. Protokoll – møte i valnemnda i HKS IKS - 07.03.16
9. Protokoll – styremøte i IKA Rogaland IKS – 10.03.16
10. FKT sin sekretariatskonferanse – 15.03.16
11. Kommunelovutvalget har levert sin utredning om ny kommunelov – NOU 2016:4
12. Innkalling til representantskapsmøte i HKS IKS – 25.04.16
13. Innkalling til representantskapsmøte i IKA Rogaland IKS – 27.04.16

Styrehandsaming 06.04.16:

Dagleg leiar orienterte. Styret var usikker om det låg til valnemnda sitt mandat å komme med framlegg om møtegodtgjersle, men dagleg leiar og varamedlem meinte det ikkje var uvanleg praksis. Elles ikkje nokon merknader.

Samrøystes vedtak 06.04.16:

Styret tar referatsakene 8 - 13 til orientering.

SAK 8/16 – STATUSOVERSIKT PR. APRIL 2016

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. april 2016 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 06.04.16:

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planer. Styret hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak 06.04.16:

Statusoversikt pr. april 2016 blir tatt til orientering.

SAK 9/16 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2015

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Årsrekneskapen for 2015 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 37 225. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

Styrehandsaming 06.04.16:

Dagleg leiar gjorde merksam på at side 2 i rekneskapen mangla til februarmøtet (balanse-rekneskapen side 3 var kopiert opp to gonger), men er no med. Revisor har ikkje kome med merknader i etterkant av at rekneskapen blei lagd fram for styret sist gong. Rekneskapen blei vedtatt utan særskilte kommentarar og saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.16 og innstilling til representantskapet:

Årsrekneskapen for 2015 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 37 225. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

SAK 10/16 – GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG ÅRSMELDING 2015

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Styret si melding og årsmelding 2015 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

Styrehandsaming 06.04.16:

Styret meinte at meldinga er dagsett før drøftingar om intensjonsavtale mellom Bokn og Tysvær var gjort kjent, og no Sveio og Haugesund, slik at meldinga får stå slik den er. Ei kommunereform med færre kommunar vil få verknad for selskapet, men det må styret sjå nærare på i åra framover. Årsmeldinga blei vedtatt slik den ligg føre og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.16 og innstilling til representantskapet:

Styret si melding og årsmelding 2015 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 11/16 – BUDSJETT 2017 – BUDSJETTFORESETNADER OG RAMMER

Dagleg leiar si innstilling:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2017 slik det er lagt fram:

Inntekter 2017		Utgifter 2017	
Tilskudd	1.957.000	Lønn- og sosiale utgifter	1.700.000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	257.000
Inntekter totalt	1.957.000	Utgifter totalt	1.957.000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert med dette følgjande:

<u>Deltakarkommune</u>	<u>kontingent 2017</u>
Karmøy kommune	354.000
Haugesund kommune	354.000
Tysvær kommune	186.000
Vindafjord kommune	186.000
Sveio kommune	167.000
Sauda kommune	167.000
Etne kommune	167.000
Suldal kommune	167.000
Bokn kommune	109.000
Utsira kommune	100.000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

Styrehandsaming 06.04.16:

Dagleg leiar orienterte om framlegget, som er basert på tidlegare vedtatt økonomiplan. Representantskapet sitt vedtak er bindande for kommunane. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.16 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2017 slik det er lagt fram:

Inntekter 2017		Utgifter 2017	
Tilskudd	1.957.000	Lønn- og sosiale utgifter	1.700.000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	257.000
Inntekter totalt	1.957.000	Utgifter totalt	1.957.000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert med dette følgjande:

<u>Deltakarkommune</u>	<u>kontingent 2017</u>
<i>Karmøy kommune</i>	<i>354.000</i>
<i>Haugesund kommune</i>	<i>354.000</i>
<i>Tysvær kommune</i>	<i>186.000</i>
<i>Vindafjord kommune</i>	<i>186.000</i>
<i>Sveio kommune</i>	<i>167.000</i>
<i>Sauda kommune</i>	<i>167.000</i>
<i>Etne kommune</i>	<i>167.000</i>
<i>Suldal kommune</i>	<i>167.000</i>
<i>Bokn kommune</i>	<i>109.000</i>
<i>Utsira kommune</i>	<i>100.000</i>

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

SAK 12/16 – ØKONOMIPLAN 2017 - 2020**Dagleg leiar si innstilling:**

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2017-2020:

	2017	2018	2019	2020
<i>Inntekter:</i>				
Tilskudd	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
<i>Utgifter:</i>				
Lønn og sos. utg.	1.674.000	1.725.000	1.776.000	1.829.000
Driftsutgifter	283.000	291.000	300.000	309.000
Totalt	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
Resultat	0	0	0	0

Styrehandsaming 06.04.16:

Dagleg leiar orienterte om framlegg som er justert ned frå 2018. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.16 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2017-2020:

	2017	2018	2019	2020
<i>Inntekter:</i>				
Tilskudd	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
<i>Utgifter:</i>				
Lønn og sos. utg.	1.674.000	1.725.000	1.776.000	1829.000
Driftsutgifter	283.000	291.000	300.000	309.000
Totalt	1.957.000	2.016.000	2.076.000	2.138.000
Resultat	0	0	0	0

SAK 13/16 – MØTEGODTGJERSLE I HKS IKS**Valnemnda si innstilling 07.03.16 til representantskapet:**

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godtgjort med kr 1000,- pr. møte. Styreleiar vert godtgjort med dobbel sats.

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godtgjort med same sats som styret, inntil eigarkommunane vedtar lik sats for vervet.

Leiar av representantskapet vert godtgjort med dobbel sats.

Satsane gjeld frå 2017.

Dagleg leiar si tilleggsinnstilling:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vil tilrå at eigarkommunane følgjer opp departementet sin konklusjon om at medlemskap i eit representantskap er eit kommunalt tillitsverv og at det er eigarkommunen som bør fastsetje og betale slik godtgjersle til sine eigne medlem i representantskap/generalforsamling, og at kommunane samordnar vedtak slik at det blir lik sats for same verv.

Styret tiltrer elles valnemnda sitt framlegg til godtgjerslesats med følgjande tillegg:

Styret får dekkja reiseutgifter etter statens reiseregulativ.

Tapt arbeidsforteneste/utlegg dekkast etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har gjort trekk i lønn. Trekket skal dokumenterast av arbeidsgjevar. Personleg næringsdrivande dokumenterer gjennom likningsattest. Øvre grense pr. møte vert sett til kr 2200.

Styrehandsaming 06.04.16:

Styreleiar støtta departementet si konklusjon om at det er kommunane som skal dekkje representantane si godtgjersle. Han meinte satsane trong ikkje vere like, men at kommunestyra sjølv fastsett satsen. Dei andre medlemmane støtta hans syn og dei blei samd i å tiltre dagleg leiar si tilleggsinnstilling, men med den endring at siste ledd i setninga vart stroke.

Styret drøfta valnemnda sitt framlegg og meinte at det ikkje var rett å ha nokon meining om si eige godtgjersle. Styret slutta seg til presisering om reiseutgifter og tapt arbeidsforteneste, då det manglar i dag.

Dagleg leiar meinte det var rom i budsjettet for å auke frå 2. halvår 2016 og styret slutta seg til å flytte fram dato for iverksetting.

Styret slutta seg til innstillinga med omtala endringar og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.16 og styret si innstilling til representantskapet:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vil tilrå at eigarkommunane følgjer opp departementet sin konklusjon om at medlemskap i eit representantskap er eit kommunalt tillitsverv og at det er eigarkommunen som bør fastsetje og betale slik godtgjersle til sine eigne medlem i representantskap/generalforsamling.

Styret viser til valnemnda sitt framlegg til styregodtgjersle.

Styret får dekkja reiseutgifter etter statens reiseregulativ.

Tapt arbeidsforteneste/utlegg dekkast etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har gjort trekk i lønn. Trekket skal dokumenterast av arbeidsgjevar. Personleg næringsdrivande dokumenterer gjennom likningsattest. Øvre grense pr. møte vert sett til kr 2200.

Ny sats gjeld frå 2. halvår 2016.

SAK 14/16 – VAL AV REVISOR FOR HKS IKS**Dagleg leiar si innstilling:**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor frå 2016.

Styrehandsaming 06.04.16:

Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 06.04.16 og innstilling til representantskapet:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor frå 2016.

EVENTUELT

Neste møte

I følgje vedtatt møteplan er neste styremøte sett til **tysdag 6. september**. Dato og tidspunkt vil bli sjekka opp mot nytt styre.

Takk til avtroppande styre og sekretariat

Styreleiar viste til at det var siste møtet i styreperioden og det siste med dette styret (leiar sit no i kontrollutval og kan ikkje veljast, og dei andre har takka nei til attval).

Han overleverte blomar og takka styret og sekretariatet for innsatsen og for godt samarbeid mellom styret og sekretariatet.

Aksdal, 6. april 2016

Arne Gjerde (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar